



Vår dato:

27.05.2019

Vår ref:

2019/7807

Dykkar dato:

22.03.2019

Dykkar ref:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2313  
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

## Merknad til søknad om uttak av vatn frå Femangervassdraget og regulering av Botsvatnet

---

**Det må innarbeidast vilkår i konsesjonen som sikrar flaumtoppar i tilstrekkeleg grad for å hindre negative verknader på naturmangfaldet**

---

Fylkesmannen viser til AS Femangerlaks sin konsesjonssøknad etter vassressurslova for uttak av vatn frå Femangervassdraget i Fusa kommune. Søknaden omfattar følgjande tiltak:

- Uttak av inntil 15 m<sup>3</sup>/min til settefiskproduksjon
- Regulering av Botsvatnet med 1,5 m frå HRV 78 m til LRV 76,5
- Installere mikrokraftverk på røyrlna ved settefiskanlegget.

Det har vore settefiskanlegg i området sidan 1986. I dagens produksjon tar ein ut mest vatn om sommaren (juni – oktober). Søkjar ønskjer no å nytte vatnet gjennom heile året, og slik utvide produksjonen frå 1 mill. til 2,5 mill. fisk. Ein vil ikkje ta ut større spesifikk vassmengde, men utnytte dagens anlegg meir gjennom året. Ein vil nytte eksisterande inntak og røyrleidningar, og tiltaket vil difor ikkje føre til nye tekniske inngrep. I følgje søker vil ein i liten grad endre på vassbruken frå dagens nivå, og vatnet frå Botsvatnet vil i praksis vere lik minstevassføringa på 250 l/s. Ein vil installere system for oksygentilsetning og CO<sup>2</sup> -lufting på alle kara i settefiskanlegget, og slik optimalisere drifta i dagens anlegg.

Vidare vert det søkt om å installere mikrokraftverk på dagens inngåande leidningar. AF Femangerlaks har i dag tre vassinntak, som er samla i ein felles inntakskum. Planen er å sette inn ein turbin på kvar av dei tre leidningane. Turbinane skal regulerast manuelt. Venta produksjon vil vere som følgjer:

Turbin 1 - om lag 170 MWH pr år  
Turbin 2 - 210 MWH pr år  
Turbin 3 - opptil 2 kW år



Bygging av mikrokraftverk på anlegget vil kunne dekke omlag 75 % av anlegget sitt årlege straumbehov, som er på 500 MWH pr år. Bedrifta ønskjer å ta del ei ein utviklingsprosess, og ønsker å prøve ut ny teknologi.

### Naturverdiar i Femangerelva.

Femanger vassdraget vart verna i 1993 gjennom Verneplan IV, som eit referansevassdrag for kystvassdrag i overgangen mellom Sunnhordland og Midtjylland. Urørte natur i øvre del, kystelv, botanikk og landfauna er viktige deler av naturmangfaldet. Settefiskanlegget, stemmen/dam, leidningar og andre inngrep i nedre del av vassdraget var etablert då vassdraget vart verna. Det går og ein kommunal veg opp til Botsvatnet. Her ligg grensa til Yddal naturreservat, som vart oppretta i 1999. Reservatet strekkjer seg vidare inn over store deler av nedbørssfeltet til Femangervassdraget.

Berggrunnen i området gir grunnlag for rik vegetasjon. Det er registrert rik edellauvskog med stor verdi langs elvestrekninga.

Undersøkingar frå 2008 viser at det er raudlista elvemusling i vassdraget, nærmere sagt i dei 450 m av elvestrekninga nedstraums dammen i Botsvatnet, men oppstrøms Utlebøen, der inntak 2 ligg. Elva vart og undersøkt i 2018, då muslingar frå elva vart teke ut og plasserer i levande genbank i Austevoll.

### Konsekvensar

Utbygginga vil ifølgje søkjær få ubetydeleg konsekvens for terrestrisk miljø og raudlisteartar. Dei meiner at tiltaket ikkje vil gi negativ påverknad på biologisk mangfald.

Søkjær omtaler konsekvens for akvatisk miljø som «viktig», og uttaler at «siste telling av elvemusling viser at muslingbestanden blir tilfredsstillende forvaltet». Dei meiner at minstevassføringa på 250 l/s vil sikre bestanden av elvemusling. Konsekvensar for fisk og ferskvatn er sett til *ubetydeleg*, for artsforekomstar, utan at det framgår kva arter som er omtale.

Tiltaket vil ikkje føre til nye inngrep i det verna vassdraget eller i naturreservatet. Mindre vatn i elva kan føre til noko redusert landskapsoppleving i området frå Botsvatnet, forbi fossen og ned til fjorden. Søkjær meiner dette gir *liten, negativ konsekvens* for landskapet.

### Fylkesmannens merknader

Femangerelva er verna mot kraftutbygging, men mange av inngrepa i vassdraget vart utført før vernevedtaket. Tiltaka som no vert søkt om vil ikkje føre til vesentlege nye inngrep. Vi legg til grunn at foreslått minstevassføring vil vere tilstrekkeleg for å sikra omsynet til elvemusling og anna naturmangfald i vassdraget.

Vi vil likevel vise til at ei vidareført regulering av vassdraget vil føre til mindre flaumtoppar enn det som er naturleg. Det er svært viktig for elvemusling, fisk og anna artsmangfald at det vil er nokre flaumtoppar som sikrar spyling av elvesubstratet. Om ikkje det skjer, kan det føre til stor sedimentering på elvebotnen som reduserer oksygennivået og levekår for pustande dyreliv.

Fylkesmannen be NVE sette vilkår som sikrar flaumtoppar i tilstrekkeleg grad for å hindre sedimentering av elvebotn, då dette vil gi negative verknader på viktig naturmangfald i elva.



Eline Orheim  
seksjonssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Fusa kommune  
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/  
Bergen Turlag  
Miljødirektoratet  
Hordaland fylkeskommune

Postboks 24  
Tverrgt. 4/6  
Postboks 5672  
Torgarden  
Postboks 7900

5649 EIKELANDSOSEN  
5017 BERGEN  
7485 TRONDHEIM  
5020 BERGEN